

LANDSLAGET FOR REINRASA NORSK SAU

REFERAT LANDSMØTE

Tid og Stad: 12.02.2022 kl 13. Hamar

Møtet vart starta med å heidre Kristin Hauan som brått gjekk bort i november 2021.

SAKER:

1. Val av møteleiar: *Nils Tveite*
2. Godkjenning av møteinnkalling: *Godkjend*
3. Val av møtereferent: *Stig Petter Bjørkheim*
4. Val av 2 til å signere protokoll: *Jostein Oldervik og Sondre Reiersen*
5. Namneoppprop utsendingar:

Agder: ingen

Rogaland: Sondre Reiersen, Øyvind Madland

Vestland: Nils Tveite, Ivar Hildal

Toten: Ole M. Fjørkenstad

Engerdal: Inger Lise Velten, Halvar Nilsen

Selbu: Jostein Oldervik med fullmakt for Gjermund Guldseth

Verdal: Olav Tiller, Gerd Eva Slettvåg

I tillegg møtte Trine A. Aasen og Stein Aasen som representantar for framtidig raselag i Møre og Romsdal.

6. Årsmelding for 2021: *Gjennomgang ved sekretær Nils Fjørkenstad*
7. Rekneskap for 2021: *Gjennomgang ved sekretær Nils Fjørkenstad. Vedteke.*
8. Val: *Gjennomgang ved leiar i valkomite, Halvar Nilsen.*

Innstilling frå valkomiteen:

Leiar: Torbjørn Nordmark 1 år

Styremedlem og nestleiar: Ola D. Gløtvold 2 år

Styremedlem og sekretær: Eileen Aasheim 2 år

Styremedlem: Gudmund Tønnesen 1 år

Styremedlem: Olav Tiller 1 år

1. vara: Stig Petter Bjørkheim 1 år

2. vara: Odd Birkeland 1 år

*Innstillinga til valkomiteén samrøystes vedteke..
Kommentar frå Gudmund Tønnesen om at han ikkje ynskjer å fortsetje i styret utover komande periode.*

Revisor: *Landsmøtet gav komande styre fullmakt til å finne ny revisor.*

Fylgjande valkomite einstemmig godkjend:

Leiar: Ole M Fjørkenstad (ikkje på val)
Medlem: Sondre Reiersen (2 år, erstattar Olav Tiller)
Medlem: Ivar Hildal (3 år)
1. vara: Trine Alsos Aasen (1 år)

9. *Gjeldande honorar til tillitsvalde formann og sekretær vert ståande.*

10. Utstillingsdagar hausten 2022:

7.september: Kvinesdal
9.september: Hægebostad
17.september: Toten
24.september: Engerdal
24.september: Rogaland
25.september: Vestland
26.september: Selbu
27.september: Verdal
28.september: Møre og Romsdal

11. Saker frå styret:

- Medlemskontigent: *handsama 2021. 100 kr pr medlem.*
- Budsjett 2022: *handsama 2021.*
- Premiering frå landslaget:
Innspel frå Trøndelag v/Tiller om at fylkeslaga ordnar premiar sjølv.
Innspel frå Agder v/Tønnesen om at det bør vere minimum 5 vërar på utstilling for å få premie.
Semje om å fortsette premiering frå landslaget som tidlegare, dvs beste risbit, vërlam og dalapreg.
- Saker til landsmøtet: *frist vert flytta frå 15.januar til 1 februar.*

Innkomne saker frå fylkeslag:

- Sak frå Vestland som gjeldt døming av gimrar, føreslår at dyret svarar til fylgjende poengsummar for å oppnå dei ulike premiegradene:
 1. premie: kropp 10, ull 9,5
 2. premie: kropp 9, ull 8,5
 3. premie: kropp 8, ull 7,5

Benkeforslag v/Nordmark på poengsummane, føreslår

1. premie: kropp 9, ull 9
2. premie: kropp 8, ull 8

3. premie: kropp 7, ull 7

Forslag frå vestland med poengsum som føreslått ved Nordmark vedteke med 14 stemmer.

- Sak frå Vestland om å kun utarbeide utstillingskatalogen digitalt.
Samrøystes nedstemt.
- Sak frå Vestland om at ein kan dømme sau m/lam sjølv om 1 eller fleire lam er slakta. Avdråttspoeng kan ein gje utifrå levande haustveker eller slaktedata.
Det er einigheit om at dette er godkjend og innarbeidd praksiss. Slaktedata er god nok dokumentasjon. Det som og bør diskuteras er kva poengkriteria for avdrått hjå vaksen sau skal være. Oppmodar lokallaga til å diskutere dette innan neste landsmøte.
- Sak frå Rogaland om kva styret har gjort med korrigerings og oppdatering av dommarlister. Styret svarar at alle dommarar oppført i katalog er godkjent av landslaget. Styret føreslår at det vert oppretta fylkesvise kåringsansvarlege som skal peike ut personar som etter 1-2 års opplæring kan verte godkjende dommarar. Kurs og samlingar er ressurskrevjande. Rogaland ynskjer betre dialog med landslaget kring dommarar.
- Sak frå Rogaland om å auke «utv.som lam» frå 6-8, på dyr kåra offentleg.
Samrøystes vedteke

12. Landsmøte 2023: Trøndelag/Stiklestad, Verdal fylkeslag.

13. Eventuelt:

- Kåseri ved Nils Tveite, om opphavet til daladsauen, Jon Sæland
- Innspel frå Nils Tveite om 100-årsmarkering, potensielt setje ned arbeidsgrupper på fylkesnivå
- Ola D Gløtvold orienterte om møte med raselaga; Fuglestad/blæs, Steigar og Grå trøndersau og oppretting av representant frå alle laga inn mot NSG.
- Nils Tveite utnemd til æresmedlem av landsmøtet.

Landsmøtet slutt kl 16.00

Referat ved Eileen Aasheim, Rongved 29.04.22, tufta på referat skrive av Stig Petter Bjørkheim